

Til prosjektleiar Marte Hagen Eriksrud

Innspel til kommuneplanen, arealdel

Styret I Lindås Bygdelag har handsama kommuneplanen og har fylgjande innspel:

Trafikksituasjon:

Det er stor gjennomgangstrafikk i samband med industrien på Mongstad. Der tilførselsvegane kjem inn på Fv 57 er det særleg problemer.

Kolåskrysset er særskilt uoversiktig. Her kjem tilførselsveg frå dei store bustadfelta på Kolås og trafikken frå Lindås senter.

I dette krysset har det vore fleire ulykker og nesten-ulykker. Her er det også gangveg for skuleborn som må krysse veien.

Lindåsbrekka er ein veg som var planlagt og bygd før bilane kom. Vegen er smal og bratt og det er svært ofte vanskelege kjøretilhøve om vinteren.

Det er tilførsel til fleire bustadfelt og såleis mykje trafikk. Også tungtrafikk frå Rognaldsen bakeri , som køyrer ut 12-15 store trailere kvart døgn.

Vegen er gangveg for born/ungdom til og frå barneskulen samt ungdomsskulen. Det er også barnehage her.

Kombinasjonen av mange mjuke trafikantar og stor biltrafikk er særslig uheldig!

Framlegg til løysing:

Lindås Bygdelag har lenge vore kjent med planane om å byggja ein ny tilførselsveg frå Ådnevika og opp til Fv 57.

Dette tykkjer vi at er ei god løysing for å betra situasjonen for dei nevnte problema.

Ein er også kjend med at vegvesenet er i gang med prosjektering av ny veg gjennom Lindås i samband med gang -og sykkelveg til Mongstad.

Kommunen og Vegvesenet finn truleg gode løysingar her om ein samarbeider.

Vegdekket på tilførselsvegane til Fv57 er generelt dårlig, og har ikkje vore vedlikeholdt på mange år.

Fv400, Fonnesbostvegen: her er vegen smal og dårlig. Dette er også gangveg for skuleborn. Lindås Bygdelag har i mange år peika på trangen for gang -og sykkelveg her.

Friområdet:

Lindås Bygdelag gjorde i okt 2008 eit samråystes vedtak om omregulering av området mellom den nye gravplassen og kolåskrysset.

I vedtaket som vart sendt arealplanavdelinga heiter det:

«Styret i Lindås Bygdelag er kjent med at området mellom kolåsfeltet og den nye gravplassen er regulert til næringsformål.

Styret vil be om at dette vert omregulert til friområde/offentleg føremål:

*Det er naturleg tilkomst til barnehagar, skular, kultur og idrettsanlegg gjennom området.

*eit friområde vil gje betre tilkomst mellom kyrkje og ny gravplass.

*området grenser til stort bustadsområde og vil vere ei svært viktig «grøn lunge» i bygda.

For Lindås Bygdelag:

Rita Bøe Tyborgnes

Leiar

tyborgnesrita@gmail.com

tlf: 97107719